

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

11.01.2012

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 09.02.2012 kl. 16.00 på
Skodje Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 23. november 2011
- ” 02/12 - Møte med ordførar
- ” 03/12 - Meir opplysningar om overskridingar i budsjettet for 2011 og tilleggsrekning gjeldande barnehagar
- ” 04/12 - Strategiar, møteplan m.m. for 2012

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 23. november 2011, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og Jon Ola Røstad

= 5 voterande

Frå Skodje kommune møtte økonomisjef Giske

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

SAK 15/11

ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM BUDSJETTSSITUASJONEN 2011

Økonomisjef Giske orienterte. Prognose for meirforbruk viser 10,7 mill. kroner. Årsaka ligg i meirforbruk og tap i finansforvaltninga. Ei ekstrarekning på 2,2 mill. kroner knytt til barnehagar vart eit tema. Det kom til uttrykk frå kontrollutvalet si side eit behov for meir opplysningar om overskridingane og tilleggsrekninga knytt til barnehagar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet er uroa over prognosane på rekneskapsresultatet og ber om oversikt over tiltak som skal settast i verk for å få budsjettet i balanse.
2. Kontrollutvalet ønskjer nærare opplysningar om rekning på 2,2 mill. kroner frå Ålesund kommune gjeldande barnehagar.

SAK 11/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. JUNI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 14. juni 2011 blir godkjent.

SAK 12/11

ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON

Orientering gitt av kontrollutvalsekretariatet og kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 13/11

STATUS FOR PÅGÅANDE SAKER OG KOMANDE SAKER SAMT DRØFTING AV OPPLEGG I VALPERIODEN

Saksutgreiing datert 17.11.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir møte i kontrollutvalet i januar. Der blir teke opp møteplan og strategiar (idedugnad). Mulige tema: Arbeidsmiljølova (Adecoproblematikk), tilsynsrapportar og tilskotsordningar. Møtedagar blir onsdagar kl. 16.00, Det blir teke sikte på 6 møte pr. år. Neste møte blir 18. januar 2012.

SAK 14/11

REGELVERK VEDKOMANDE BILOPPSAMLINGSPLASS

Saksutgreiing datert 17.11.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa om regelverket til orientering
2. Kontrollutvalet sluttar seg til dei anbefalingane som kjem fram i notatet frå advokat Kvammen og ber rådmannen sette i verk nødvendige tiltak.

SAK 15/11

DELTA KING PÅ KONTROLLUTVALKONFERANSEN 2012

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Leiar i kontrollutvalet tek saka opp med ordførar med sikte på tre deltakarar til konferansen.

SAK 16/11
EIGE MØTE MED ORDFØRAR
(Saka kom opp under eventelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir teke sikte på eit eige møte med ordførar.

Vigdis T. Bye Leiar (sign.)	Dag Loe Olsen nestleiar (sign.)	Magnar Flaate medlem (sign)	Grete Dalhaug Berg medlem (sign.)	Ola Røstad medlem (sign.)
-----------------------------------	---------------------------------------	-----------------------------------	---	---------------------------------

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 11.01.2012

SAK 02/12
MØTE MED ORDFØRAR

I sak 16/11 den 23. november 2011 gjorde kontrollutvalet vedtak om å ha eit møte med ordførar. Ordførar er den sentrale politikaren i kommunestyret, som faktisk er det høgste kontrollorganet i kommunen. Ordførar leier møta i kommunestyret og formannskapet og er rettsleg representant for kommunen. Dette inneber også kontrollfunksjonar. Ein nemner her å sjå til at forhandlingane i møte føregår i samsvar med forretningsorden og saman med andre aktørar, so langt mulig, sjå til at vedtak som blir gjort er lovlege. Sjølv om ordføraren ikkje lenger er ansvarleg for saksførebuing, ligg det i møteleiarfunksjonen ein viss plikt til å sjå til at sakene er forsvarleg utgreidd. Ordførar og kontrollutval skal på mange område ha samanfallande interesser.

Det er derfor viktig at ordførar og kontrollutval kjenner kvarandre sine roller og bygg opp samarbeidsstrategiar. Ordførar har etter kommunelova § 9 nr. 4 møte og talerett i kontrollutvalet. Det at ordførar er tilstades på kontrollutvalmøte er med på å synleggjere at kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan. Dette gir høve til direkte dialog der kontrollutval og ordførar kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

Det blir lagt opp til drøftingar i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 11.01.2012

**SAK 03/12
MEIR OPPLYSNINGAR OM OVERSKRIDINGAR I BUDSJETTET FOR 2011 OG
TILLEGGSSREKNING GJELDANDE BARNEHAGAR**

I sak 15/11 ga økonomisjef Giske ei orientering om budsjettsituasjonen for 2011. Prognose for meirforbruk viste 10,7 mill. kroner. Årsaka ligg i meirforbruk og tap i finansforvaltninga. Ei ekstrarekning på 2,2 mill. kroner knytt til barnehagar vart eit tema. Det kom til uttrykk frå kontrollutvalet si side eit behov for meir opplysningar om overskridingane og tilleggsrekninga knytt til barnehagar.

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet er uroa over prognosane på rekneskapsresultatet og ber om oversikt over tiltak som skal settast i verk for å få budsjettet i balanse.
2. Kontrollutvalet ønskjer nærare opplysningar om rekning på 2,2 mill. kroner frå Ålesund kommune gjeldande barnehagar.

Rådmannen vil bli kalla inn til møtet for å gjere nærare greie for kva tiltak som er sett i verk for å få budsjettet i balanse.

Meir spesifisert bør rådmannen også orientere om budsjettsituasjonen og iverksette tiltak ved Prestemarka og kva forventningar ein har til økonomistyringa framover, både for Presemarka og kommune generelt.

Rådmannen bør også gjere greie for rekning frå Ålesund kommune gjeldande barnehage som er nemnt ovanfor.

Kontrollutvalsekretariatet har hatt samtale med den eininga i Skodje kommune som har ansvar for barnehagar. Det vart opplyst at årsaka til at mange foreldre har benytta seg av barnehage tilbud i Ålesund ikkje var plassmangel i Skodje kommune, men at dei takka nei til det tilbodet som barnehagane i Skodje kommune kunne gi ettersom det var enklare å benytte seg av tilboda i Ålesund kommune.

På det tidspunktet enkelte foreldre valde å bruke barnehagar i Ålesund kommune var det ledige plassar i Skodje kommune. I dag er det etter det opplyste, ikkje lenger ledige barnehageplassar i Skodje kommune.

Det er ønskeleg at rådmannen i tillegg til å orientere kontrollutvalet i møte, lagar ein skriftleg orientering om dei tema som er nemnt ovanfor og som kan sendast ut til medlemmane av kontrollutvalet før møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



SKODJE KOMMUNE
RÅDMANNEN

SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT
V/Harald Rogne
Postboks 7734 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref
06/866-61

Sakshandsamar
Kjell Bjørdal, 70 24 40 11

Dykkar ref

Arkiv
033

Dato
12.01.2012

ETTERSPURT SKRIFTLEG DOKUMENTASJON

Som vedlegg følger etterspurt:

Orientering om budsjettsituasjonen

Tiltak ved Prestemarka

Uttale om rekning frå Ålesund kommune gjeldande barnehage

Med helsing


Kjell Bjørdal
rådmann

FRAMDRIFTSPLAN/SJEKKLISTE ÅRSOPPGJER 2011 SKODJE KOMMUNE

Nr	Oppgave	frist	ansvar
	FASE I:		
1	Distribuerer plan for årsoppgjer for 2011	03.jan	øk sjef
2	Avhalde oppstartmøte med revisjon	04.jan	øk sjef
3	Avhalde oppstartmøte med Ålesund komm	04.jan	øk sjef
4	Avhalde oppstartmøte m øk avdelinga	05.jan	øk sjef
5	Innhente aktuarberekningar for 2011	06.jan	øk sjef
6	stansé Innskanning av inng faktura	13.jan	Marianne
7	Avslutte all fakturering for 2011	13.jan	kikki/Rigmor
8	frist for attestasjon/anvisning av inng faktura	16.jan	att ansv
9	Stenge periode 12 for bilagsføring	16.jan	Jorunn
10	Kontroll av einingane sine rekneskap med fokus på: Om alle kjente inntekter og kjente utgifter er ført Om alle interne overføringer er gjort Om all avsetning og bruk av fond er gjort	17.jan	einingsleiarar
11	Avstemme kasse/ bank	17.jan	Veronika
12	Cut off kontroll	23.jan	Veronika
13	Avstemme øvrige OM, AM, GJ	23.jan	ihht liste
14	Oversending av avstemt/dokumentert balanse til revisjon vedr OM, AM, GJ	23.jan	Asle
	Tilbakemelding frå revisjon vedr fase I:	31.jan?	
	FASE II:		
15	Kontroll av driftsregnskapet	27.jan	Asle/Veronika
16	Kontroll og avslutning av investeringsregnskapet	27.jan	Asle/Frode
17	VAR selvkostregnskap og bruk/avsetning fond	27.jan	Asle/Frode
18	Avstemming av EK	31.jan	Asle/Veronika
19	Avstemming av hovedsammenhenger i regnskapet	31.jan	Asle/Veronika
20	Oversending til revisor: Avstemming av EK og avstemming av hovedsammenhenger	31.jan	Asle
	Tilbakemelding fra revisjon vedr fase II	10. Feb?	
	FASE III:		
21	Oppsett res, inv, balanse	10.feb	Asle/Veronika
22	Oversending til revisor oppsett res, inv, balanse	10.feb	Asle
	Tilbakemelding fra revisjon vedr fase III	15. Feb?	
23	Innrapportering av foreløpige KOSTRA tall	15.feb	Veronika
	FASE IV:		
24	Utarbeiding av notesett	19.mar	Asle/Veronika
25	Utarbeiding av årsberetning	19.mar	Asle mfl
26	Oversending av årsberetning og notesett til revisor	19.mar	Asle
	Tilbakemelding fra revisjon vedr fase IV:	26. Mar?	
	Revisjonsberetning	30. Mar?	
27	Innrapportering av endelige KOSTRA-tal	16.apr	Veronika
	FASE V:		
28	Kontrollutvalget	20.apr	
29	skrivefrist til formannskapet	27.apr	
30	Formannskapshandsaming, første veka i mai		

"Andre oppgaver":		
Avstemming av skatteinngang		Asle/May-B
Avstemming av rammetilskudd		Asle
Avstemming av tunge brukere		Asle mfl
Avstemme budsjettendringer		Asle
Avstemme/sende inn aga-termin/årsoppgave		May
Avstemme/sende inn oppgave skattetrekk		May
Avstemme/sende inn mva 6. Terminopp		Veronica
Avstemme/sende inn oppgave over egenbetaling pass av barn		Veronica
Opprette periode 13		Veronica
Gi Ingunn og Ole Kr i Ålesund tilgang til Visma		Veronica



Notat

Sak: DRIFTSGJENNOMGANG PRESTEMARKA 2012

Til: Kommunestyret

Frå: Synnøve Vasstrand Synnes, ass. rådmann

Kopi til:

Sak- /dok.nr.	Arkivkode	Dato
12/33-2	151	11.01.2012

NOTAT TIL KOMMUNESTYRET 13.12.11

NOTAT TIL KOMMUNESTYRET 13.12.11, VEDR. BUDSJETTILPASSING FOR EINGA PRESTEMARKA BU- OG DAGTILBOD

Skodje kommune er ei ein situasjon der vi må redusere drifta på dei ulike tenesteområda med mange millionar kroner, og også i forhold til tilbodet på Prestemarka må vi gjere grep for å nærme oss budsjettmålet.

Framlegg til budsjett 2012:

- Dagtilbod: 5 955 000 kroner
- Butilbod: 15 789 000 kroner

Administrasjonen ønskjer å ta tak i omstillingsarbeidet med to parallelle prosessar:

- Administrasjonen må arbeide for å få kontroll på driftsutgiftene. Enkeltvedtaka til brukarane skal ligge i botnen for det vidare arbeidet, og vi har fokus på at tilbodet skal vere fagleg forsvarleg. Det vil bli utarbeidd nye arbeidsplanar (turnusar).
- Nedsetjing av ei arbeidsgruppe som skal utgreie og vurdere kva tilbod brukarane på Prestemarka skal ha:
 - o Kva vil vi med Prestemarka
 - o Kva tilbod skal brukarane ha
 - o Kva er brukarane sine behov

Medlemmer av arbeidsgruppa:

- Representantar for administrasjonen: Assisterande rådmann Synnøve V. Synnes leiar gruppa, og har med Hilde Grytting, Reidun Davik og Camilla Almås
- Politisk representant: ordføraren/varaordføraren
- Brukarrepresentantar: Grete Dalhaug Berg og Håkon Hildre
- Ein representant for dei tilsette

Mandat:

Arbeidsgruppa sitt mandat er å utgreie og vurdere kva tilbod brukarane på Prestemarka skal ha innafor tilgjengelege driftsrammer:

- *Kva vil vi med Prestemarka bu- og dagtilbod*
- *Kva tilbod skal brukarane ha*
- *Kva er brukarane sine behov*

Mandatet vil bli lagt fram som orientering til politisk nivå i kommunen.

Formannskapet skal brukast som referansegruppe undervegs.

Gruppa skal ha klar ei anbefaling til handsaming innan 31.03.12.



Notat

Sak: DRIFTSGJENNOMGANG PRESTEMARKA 2012
Til: Camilla Almås Hilde Grytting Terje Vadset Reidun Davik Stine Løvold
Håkon Hildre Grete D. Berg Tjodun Huldal Kari Grindvik
Frå: Synnøve Vasstrand Synnes, ass. rådmann
Kopi til: Kjell Bjørdal

Sak- /dok.nr.	Arkivkode	Dato
12/33-1	151	11.01.2012

REFERAT FRÅ 1. MØTE I ARBEIDSGRUPPA 05.01.12

I samsvar med mandat gitt av Skodje kommunestyre i møte 13.12.11, var det innkalla til det første møtet i arbeidsgruppa 05.01.12.

Desse møtte:

Terje Vadset (politisk repr.), Kari Grindvik (politisk repr.), Håkon Hildre (repr. brukarane), Grete Dalhaug Berg (repr. brukarane), Tjodun Huldal (repr. tilsette, HTV Fagforbundet), Hilde Grytting (personalsjef), Camilla Almås (koordinator Prestemarka), Stine Løvold (repr. tilsette), Reidun Davik (avd.leiar Prestemarka) og Synnøve Vasstrand Synnes (ass. rådmann).

Synnøve Vasstrand Synnes leia møtet, og følgjande vart gjennomgått:

1. Presentasjon av arbeidsgruppa: Ulike grupper er representert i arbeidsgruppa, både brukarar, tilsette, administrasjon og politikarar. Sistnemnde to grupper har rolle både som arbeidsgjevar og som tenesteytar.
2. Referat: Leiar av arbeidsgruppa skriv referat, og sender desse til medlemmer av arbeidsgruppa. Status på arbeidet skal også refererast til formannskapet, jfr. arbeidsplanen. Det vil vidare bli lagt opp til ulike måtar å informere dei tilsette på undervegs (personalmøte og skriftleg informasjon). Brukarrepresentantane syter for at pårørende/hjelpeverge blir informert undervegs.
3. Arbeidsplan og mandat
 - a. Framlegg til arbeidsplan vart presentert, med følgjande møtedatoar: 05.01, 20.01, 26.01, 09.02, 23.02, 08.03, 22.03. Det er sett ein frist til 31.03.12 å levere ein rapport til politisk handsaming. Gruppa meiner møtedatoane er greie som eit utgangspunkt, men at det kan verte behov for fleire møte. Gruppa meiner også at det kan verte knapt med tid fram til utgangen av mars. Synnøve Vasstrand Synnes vil følgje dette opp i forhold til å be formannskapet om ein utvida frist.
 - b. Innhaldet i arbeidsgruppemøta, utover det som er lagt opp til i arbeidsplanen, vil ein kome tilbake til undervegs.

- c. Teieplikt: Det er behov for at medlemmer av arbeidsgruppa underteiknar erklæring om teieplikt. Synnøve Vasstrand Synnes tek med skjema til neste møte.
- d. Mandatet, jfr. notat til kommunestyret 13.12.11:
 - i. Arbeidsgruppa sitt mandat er å utgreie og vurdere kva tilbod brukarane på Prestemarka skal ha innfor tilgjengelege driftsrammer
 - 1. Kva vil vi med Prestemarka bu- og dagtilbod
 - 2. Kva tilbod skal brukarane ha
 - 3. Kva er brukarane sine behov
- e. Vidare framdrift:
 - i. Arbeidsgruppa meiner eksterne bidragsytarar, som t.d. Vaksenhabiliteringsteamet og evt. RO-senteret, bør kome inn på eit seinare tidspunkt i prosessen.
 - ii. Arbeidsgruppa meiner det er viktig at medlemmene har ein mest mogleg felles ståstad når arbeidet startar opp. Det bør difor gjennomførast ei synfaring på Prestemarka. Vidare bør det klarare definerast kva som er Prestemarka sine tenesteområde, og ei avklaring på kva som er den enkelte medlem i arbeidsgruppa sine tankar om målet med den prosessen som er sett i gang. Dette vil bli tema i neste møte, 20.01.12. Synnøve Vasstrand Synnes tek ansvar for å arrangere ei synfaring på dagtilbodet denne dagen. Grete Dalhaug Berg har teke på seg ansvar for å gjennomføre ein prosess der ein får fram ulike tankar om målsetjinga med arbeidet.
 - iii. Utlysing av stilling som einingsleiar på Prestemarka: Arbeidsgruppa vart utfordra på å kome med innspel til stillingsbeskrivelse. Følgjande moment vart framheva:
 - 1. leiarerfaring, og gjerne formell leiarutdanning, er viktigare enn grunnutdanning
 - 2. leiarerfaring er viktigare enn erfaring frå liknande arbeid
 - 3. viktig å lage ei attraktiv annonse
 - 4. gjerne bruke fagtidsskrift

Neste møte i arbeidsgruppa vert fredag 20. januar 2012 kl. 0900. Vi tek då sikte på å bruke store delar av dagen.

Agenda for dagen:

- Kort gjennomgang av lovgrunnlaget v/Synnøve Vasstrand Synnes
- Kort gjennomgang av økonomiske føresetnader v/Synnøve Vasstrand Synnes
- Målsetjinga med prosessen v/Grete Dalhaug Berg
- Lunsj
- Synfaring på dagtilbodet

Synnøve Vasstrand Synnes
ref.



Kontrollutvalet

Vår ref
06/866-60

Sakshandsamar
Bente Glomset Vikhagen, 70 24 40 13

Dykkar ref

Arkiv
033

Dato
12.01.2012

SVAR- TILLEGGSREKNING GJELDANDE BARNEHAGAR

Svar på spørsmål kring refusjonskrav for barn busett i Skodje kommune med barnehageplass i Ålesund kommune:

Etter overgangen til rammefinansiering i 2011 kjem midlane til barnehagedrift til barnet sin bustadkommune, og ikkje til kommunen der barnehagen er lokalisert. Dette har medført ei refusjonsplikt for kommunar som har barn busett i kommunen som har barnehageplass i annan kommune. Den forskriftsfesta refusjonsplikta vert kunn gjeldande dersom barnet går i ikkje-kommunal barnehage.

Forskrift om likeverdig behandling § 11:

«Kommuner som har ikke-kommunale barnehager med barn som er bosatt i en annen kommune, har rett til refusjon for kostnader til ordinær drift som ikke dekkes av foreldrebetalingen og andre offentlige tilskudd fra kommunen der barnet er bosatt. Refusjonen skal baseres på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader og kapitalkostnader fastsatt av departementet».

Kommentar til § 11:

I henhold til barnehageloven § 7 skal barnehageeier fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen, herunder opptakskrets. Ikke-kommunale barnehager som har opptakskrets som ikke er i samsvar med kommunegrensen vil derfor kunne ha barn fra andre kommuner i barnehagen.

Rammetilskuddet til kommunen utmåles blant annet etter antall barn i barnehagealder i kommunen. Når kommunens barn benytter barnehageplass i ikke-kommunale barnehager i andre kommuner er det rimelig at barnets hjemkommune betaler for dette. Det er barnets hjemkommune som har ansvar for å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. barnehageloven § 12a, og at utbyggingsmønster og driftsformer er tilpasset brukernes ønsker og behov, jf. barnehageloven § 8 andre ledd.

Kommunen skal derfor refundere kostnader til ordinær drift for disse barna som ikke dekkes av foreldrebetaling og andre offentlige tilskudd, jf. § 3. For enkelhets skyld skal refusjonen baseres på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader og kapitaltilskudd fastsatt av departementet, men det kan gjøres fratrukk for eventuelle andre offentlige tilskudd barnehagen mottar. Beregningen av refusjonen skal videre gjøres ut fra barnehagens andel av de nasjonale satsene.

(Rundskriv Nr F-05/2011)

Føresegna skil ikkje mellom barn som har - og som ikkje har - rett til barnehageplass etter barnehagelova. Dette inneber at kommunen må refundere for plassar, også til barn som ikkje har rett til barnehageplass, til dømes 0-åringar født etter 31. august, eller søknadar utanom hovudopptak som av denne grunn ikkje gjev lovfesta rett. (lovfesta rett er knytt til at familien må ha søkt innan frist for hovudopptak) Heimkommunen har heller ikkje styringsrett ovanfor familiar som anten takkar nei til eit tilbod, eller som ikkje vel å søke i heimkommunen.

Bente Glomset Vikhagen

SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 03.02.2012

Vedlegg til sak 04/12

OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPER ÅRSJUL

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningsliner for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1. Rekneskapsrevisjon

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i egne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er egne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultatene av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultatane av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgd opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgd opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgd opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiding med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens

eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei ”bestillarrolle” når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultatata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggst til grunn. Det følgjer av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga, koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningslinjer for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphøyrd denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningslinjer for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningslinjer for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet. Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å foreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personallhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare

tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av *sluttrekneskap* til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

Harald Rogne
dagleg leiar